



Notat

Dato: 05.09.2014
Arkivsak: 2014/10499-26
Saksbehandlar: RB

Til: Rune Haugsdal

Frå: Roald Breistein

Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs. - Tilbygg

Vedlagt følgjer partsbrev med uttale frå kontrollutvalet for «PS 70/14 Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs. – Tilbygg», til vidare handsaming.

Kopi til:
Jon-Rune Smørdal

Arkivnr: 2014/10499-25
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	70/14	25.08.2014

Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs. - Tilbygg

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkestinget, som gjer vedtak i denne saka. Sekretariatet har motteke uttale til prosjektrekneskap for prosjekt 06109 Tertnes vgs – Tilbygg, frå Deloitte, som skal handsamast i fylkestinget. Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskap og revisjonsuttale ligg ved. I brev dagsett 4.6.2014, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen gjev eit rettvise bilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Dette prosjektet er relatert til tilbygg og rekneskapen viser eit meirforbruk 3,4 %, jf. tabell under.

Ophavleg budjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
kr 59 000 000	kr 61 034 643	-kr 2 034 643	-3,4 %

I notat frå eigedomsseksjonen vert det vist til naturlege forklaringar på kvifor dette avviket har oppstått. I tidlegare leverte prosjektrekneskapar har det gått fram korleis eventuelle overskridingar er dekt inn, enten ved bruk av lån eller ved bruk av ubundne fond. Grunnen til at dette ikkje er med denne gongen er at det no vert nytta vedteke rammebudsjett som betyr at ev. overskridingar vert dekkja inn i denne totalramma.

Drøfting:

Handsaming og revisjon av prosjektrekneskapen er utført i tråd med regelverket ved at dei vert avslutta og revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.08.2014

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet har merka seg at det har teke 7 år frå siste løyving blei gitt, til endeleg rekneskap ligg føre, utan at det kjem fram kva som er grunnen til dette.

Etter dette vart slik uttale samrøystes vedteke.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har merka seg at det har teke 7 år frå siste løyving blei gitt, til endeleg rekneskap ligg føre, utan at det kjem fram kva som er grunnen til dette.
4. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Prosjektrekneskap og uttale frå revisor